



Dette er skissa som ligg ved søknaden om landbruksveg på Rød.

Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen har no sendt saka om byggjing av landbruksveg til Blomstølen på Rød tilbake til kommunen og påpeika at det manglar ein del opplysningar. Det gjeld til dømes interesser i vegen og berekna byggekostnad. Annlaug Rød er sækjar.

Fylkesmannen peikar mellom anna på at vegen er innteikna på berre ein eigedom og spør om dette er ei landbruksfagleg heiheitsløyising.

Vidare er det på kartet som føl søknaden ikkje innteikna dekningsområde. Hvis dekningsområdet gjeld berre det eine bruket (121/2) kan det sjå ut for at det oppgjevne 3.000 kubikkmeter hogstmoden skog er altfor høgt.

Fylkesmannen minner om at kommunen i sitt vedtak kan kreva at det vert utarbeidd alternativ vegplan.

Av Ola Matti Mathisen